

# Bokn Bygdablad

Nr. 2 Mars 2013 – Årg. 28



Konfirmantar 2013 – s. 15



Fiber – s. 3



Beste europear – s. 8



Kulturstipend – s. 9



[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no)

KJEKT PÅ BOKN





# RDFØRAREN RDET

Kjære sambygding

## Rogfast

Torsdag 07.03.13 fekk me meldinga om at regjeringa rår Stortinget til å gå for Rogfast når Nasjonal Transportplan skal handsamast før sommarrferien. Det inneber at det viktigaste samferdsleprosjektet på Vestlandet nokon gong er vedtatt - ei historisk hending for landet og landsdelen og ikkje minst for kommunen vår. På ny skal me bli «landfaste» - denne gongen sørover. Regjeringa vil ha ein ferdig opprusta og ferjefri vei mellom Kristiansand og Trondheim innan 20 år, totalt sju fjordkryssingar, og oppstarten vil skje i Rogaland.

Regjeringa legg opp til byggestart seinast innan 2015. Difor vil rigging av anleggsområdet i Arsvågen starta opp alt neste år. Anleggasarbeidet vil prega kommunen vår dei neste sjuåtte åra, og bety arbeidsplassar, auka aktivitet og omsetnad for det lokale næringslivet.

Opplegget til regjeringa inneber at bilistane skal betale ni av dei ti milliardar kronene prosjektet kostar, mens staten bidreg med tiandeparten. Avgjerda om ein ferjefri E39 heilt til Trondheim betyr også planleggingsmidlar for prosjektet.

Rogfast vil binda saman fylket på ein ny måte, samstundes som det opnar for eit felles bu- og arbeidsmarknad med Bokn sentralt plassert midt i det som samferdselsminister Liv Signe Navarsete omtalar som «Gullkysten». Vestlandet er den mest eksportretta regionen i Noreg, og dette faktum har nok veid tungt i tautrekkinga om samferdslemidlar i regjeringa. Med gjennomføringa av Rogfast vil vekstkrafta i denne delen av landet bli endå meir styrka.

## Endeleg fiber

Bokn kommunestyre gjorde 19. mars samrøystes vedtak om å bygga ut fiberbasert breibandsnett i Bokn kommune. Med det får boknasamfunnet på plass eit viktig og etterlengta infrastrukturtak. Arbeidet med å føra fiber til Bokn har føregått i fleire år. Arbeidet blei intensivert i førra periode, og førebuing av saka starta raskt opp denne perioden. Kommunestyret har seinare bedt om at saka blei gitt priorititet. Eg opplever at det har vore brei politisk semje om å få fiber til Bokn.




Rogfast blei feira med kake på Folkets Hus i Stavanger. F.v: Jan Håvard Hatteland (NHO Rogaland), Harald Minge (Næringsforeningen), Tom Tvedt (Ap), Eirin Sund (Ap), Øystein Hansen (LO) og Kyrre Lindanger.

Foto: Morten Larsen.

Også det lokale næringslivet har etterspurt nettbasert fiber i bygda.

Etter anbodskonkurranse hausten 2012 sat Bokn kommune igjen med to tilbydarar, og prosessen gjekk over i forhandlingar. Anbodet var elles unikt ved at ein kommune ber om pris på



utbygging av breiband til heile kommunen, det vanlege er framføring av fiber til kommunale bygg. Med vedtaket i kommunestyret legg ein opp til at alle husstandar, verksemder og fritidsbustader i Bokn får tilbod om fiber.

I vår digitale kvardag blir det nærrast tatt for gitt at kommunane kan tilby fiber til innbyggjarar og verksemder. Haugaland Kraft får nå Bokn i porteføljen sin, og det var sjølv sagt viktig å få den siste kommunen i regionen deira med på fiberkartet.

Dette er eit framtidsretta og positivt prosjekt for boknasamfunnet, og er særskilt viktig i marknadsføringa av bygda. Fiber til Bokn vil sikra oss eit stabilt høgkapasitetsnettverk som syter for at bygda heng med i utviklinga framover og står fram som eit attraktivt område for næringsliv og private husstandar. Attått betyr dette svært mykje for mellom anna Bokn skule og Bokn kommune som offentlege



institusjonar. Eg ser fram til samarbeidet med Haugaland Kraft og gløder meg til å få på plass det siste ledet i ein moderne infrastruktur.

Ordføraren



# Fiber til Bokn!

Kyrre Lindanger

Tysdag 19. mars gjorde kommunestyret samråystes vedtak om utbygging av fiberbasert breiband til heile Bokn. Bokn kommune har i fleire år jobba for å få bygd ut fiberbasert breibandsnett, utan at ein har kome så langt at ein har hatt eit grunnlag for sak til politisk handsaming. Tysdag 19. mars gjorde kommunestyret samråystes vedtak om utbygging av fiberbasert breiband til heile Bokn. Bakgrunnen var ein anbodskonkurranse som blei utlyst av Bokn kommune hausten 2012, der ein etter forhandling sat igjen med ein aktør som nå altså kan syte for at boknarane får på plass det siste manglande ledet i ein moderne infrastruktur.

## Startar i desse dagar

Avtale mellom Bokn kommune og Haukeland Kraft (bilete) blei signert umiddelbart etter at vedtak blei gjort i kommunens øvste politiske organ, og arbeidet med å førebu utrulling av fiber startar i desse dagar. Etter planen vil det bli gjennomført folkemøte i regi av Bokn kommune og Haukeland Kraft i juni, mens sjølve arbeidet med å strekke fiber blir starta opp til hausten. Prosjektet skal etter planen vera ferdigstilt innan 31.12.2014 og har ei kostnadsramme på 9,2 millionar kroner.

## Sjøkabel i land i Føresvik

Bokn kommunestyre har lagt til grunn at minst 55 % av moglege abonnentar i kommunen bestiller fiber, og då blir kommunen sin andel 1,7 millionar kroner i prosjektet. Bokn kommune sin andel blir regulert utifra talet på bestillingar som kjem inn dei neste to åra. Dette vil mellom anna seie at 368



**Avtale om utbygging av fiberbasert breiband blei inngått mellom Bokn kommune og Haukeland Kraft 19. mars. Ordførar Kyrre Lindanger og Jan Håland (t.h.) som er divisjonsjef for breiband i Haukeland Kraft.**

Foto: Solrunn Alvestad.

bestillingar inneber ein kostnad på 0 kroner for Bokn kommune. I utgangspunktet startar arbeidet opp i Føresvik då sjøkabel blir ført i land der. Vidare utbygging i kommunen vil likevel vera avhengig av kvar bestillingane kjem frå elles i bygda.

## Interesseomålning

Det er allereie nå opna for å mæla si interesse. Det kan ein gjera ved å fylgja linken [http://order.haugnett.com/inside.php?partner\\_id=10&kunde](http://order.haugnett.com/inside.php?partner_id=10&kunde) og skriva inn

postnummer. Då vil ein kome til skjemaet «Bestilling av Altibox-fiber». I skjemaet vil ein kunne velga ulike produkt, mellom anna internett, TV, telefon m.m. Etableringskostnadane er 2400 kr. for einebustad og 1900 kr. for leilighet.

Prisen er lik for alle, uavhengig av kvar ein bur eller kor omfattande arbeidet med tilkoplinga blir. Abonnementet er bindande i eitt år, og du blir ikkje fakturert før fiberen er i boks.

## Omlegging av nettsider

Jardar Havikbotn

### Bokn kommune og Bokn Bygdablad vil få nye nettsider, kvar for seg.

Dei nye sidene vil bli nært knytta til kvarandre, slik boknarane er vane med. Nye krav til kommunale nettsider og tilrettelegging for alle typar skjermer (pc, nettbbrett, tlf. m.m.) ligg til grunn for at Bokn kommune sine sider nå blir skilt frå Bokn Bygdablad sine sider.


9. april blei nye [www.bokn.kommune.no/www.bokn.no](http://www.bokn.kommune.no/www.bokn.no) lansert, og Jenni Vatnaland sine store datakunnskaper har vore svært viktige for realiseringa. Ho har hatt eit engasjement i kommunen, og gruppa som har jobba med desse nettsidene er svært glade for å ha hatt henne med på laget. Kommunen vil

bygga Stein på Stein på den nye nettsida, og det vil koma meir innhold etterkvart.

I samband med lanseeringa, har Bokn kommune fått eigen profil på Facebook, kor der det blir lagt ut nyhende og anna informasjon.

Dei nye sidene til Bokn Bygdablad vil bli klare seinare i vår. Dese vil knyttast til domene [www.boknbygdablad.no](http://www.boknbygdablad.no) og [www.bokn.no](http://www.bokn.no).

**Dei nye kommune-nettsidene er tilrettelagde for alle skjermtypar.**



The screenshot shows the homepage of the new Bokn kommune website. At the top, there's a banner with a swan in a pond. Below it, the main navigation menu includes 'Kommune' and 'Bokn Bygdablad'. The 'Aktuelt fra Bokn kommune' section features a news item about the budget meeting held on April 17, 2013. The 'Aktuelt fra Bokn Bygdablad' section has an item about the budget meeting on April 21, 2013. The website uses a responsive design with icons for different services: Kommune vør, Turist, Helse og omsorg, Politikk, Børn, utdanning og omsorg, and Arbeid, skattar og avgifter.

# Satsar i Bokn

Jardar Havikbotn

## Mæland Bygg i Stavanger har kjøpt Bokn Bygg og ser fram mot Rogfast.

Men dei sit ikkje og ventar på at Rogfast skal koma, kanskje i 2022/23.

- Nei, me ynskjer å vidareføra litt av det som Anbjørn Bokneberg & Co i Bokn Bygg har gjort i 30 år, og gi eit enkelt og folkeleg servicetilbod til boknarane, seier Jan Magne Mæland til Bokn Bygdablad.

### Akkurat som før

- Folk kan ringa Bokn Bygg-nummeret, eller til oss, akkurat som før, skyt Anbjørn inn. Karane i gamle Bokn Bygg vil framleis gå i miljøet og jobba litt for Mæland, som har hus på Øyren-feltet - kor sonen Tor Henning bur. Han vil på sikt bli primus motor i lokala på Hognaland, fortel faren.

Den einaste forandringa boknarane vil merka er at det vil stå tre skilt på den gamle skulen; Bokn Bygg, Mæland Bygg og VestlandsHus

Anbjørn er glad for at dei nye eigarane vil驱iva verksemda vidare, i forhåpentlegvis 30 år til.

- I fleire år har me snakka om å selja Bokn Bygg, og gjennom einddomsmeglar blei det realisert, fortel pensjonisten, som har stor tru på Mæland.



Både Anbjørn Bokneberg (til venstre) og Jan Magne Mæland tror på byggevekst i Bokn når Rogfast-planene blir satt ut i livet.

Foto: Tor Henning Mæland

### Stor tru

Mæland har på si side stor tru på Bokn, særleg etter at Rogfast er ferdig.  
- Om ein bur på Ålgård eller Bokn blir det same, samtidig ligg Bokn sentralt til mellom Haugesund og Stavanger, meiner ein som ikkje er i tvil om at det

som skal skje på 2020-talet vil føra til auka byggeverksemd i Bokn.  
Til hausten satsar Mæland på to fulle dagar pr. veke i Bokn. Planar for vidareutvikling av verksemda på Hognaland har han også, men dei kjem ikkje på trykk enno.

# Alltid på vakt

Jardar Havikbotn

## Kari Holm og sambuar Henning Hvesser i Bokn Taxi (52 777 682) er alltid klare til å frakta boknarane der dei vil.

- Me er to sjåførar som er blitt svært glade i verksemda vår i denne idylliske kommunen.

Dette fortel Henning Hvesser til Bokn Bygdablad. Han garanterer at du alltid får svar på tlf. 52 777 682, og at Kari eller han vil koma som avtalt.

Bokn Taxi har sidan oppstarten hausten 2011 slitt litt med därleg telefondekning og pålitelegheit, og det har tidlegare gått rykter om at Bokn Taxi var lagt ned. 18. oktober i fjor tok Kari Holm over, og det blei då ifølge Hvesser sett ein ny standard for denne verksemda i kommunen. Kari Holm er søstera til Helga Marie Dagsland i Skjoldastrauen Taxi, som har drosjeløyve og eig taxien i Bokn.

Bilen (8 personar) er framleis stasjonert i "Gamle Banken" (Føresvikvegen 22).



# Høyre kjemper for boligbygging på Bokn

**I et fyldig februarnummer av Bygdabladet skriver ordføreren om kommuneplanen og besøk fra fylkesutvalget under «Ordføreren har ordet». Bokn Høyre ønsker i den forbindelse å komme med noen presiseringer som vi mener er uteatt av ordfører.**

Administrasjonen i Rogaland Fylkeskommune kom med flere innsigelser mot kommuneplanen i Bokn. Innsigelserne gikk mot boligområder B3 og B4 Føresvik, B15 og B16 Alvestad, B19 Våga og B6 Grønnestad. Bokn Høyre ser på bolig- og næringsområder som viktige satsingsområder for utvikling og fremtidig vekst i Bokn. I likhet med ordfører setter også Høyre stor pris på verdifull støtte fra fylkestalt i fylkesutvalget. Ordfører gir imidlertid inntrykk av at det var på grunn av møte og befaring avholdt 21. januar mellom kommuneadministrasjonen og fylkesutvalget som fjernet innsigelserne. Dette medfører etter vår mening ikke riktighet.

Når Bokn Høyre mottok innsigelserne fra Fylkeskommunen tok vi kontakt med Fylkesgruppen til Høyre, for å legge frem vår argumentasjon for å opp-

rettholde nevnte boligområder. Det var gjennom denne dialogen vi fikk fjernet de fleste innsigelserne fra fylkeskommunen, ved hjelp av et flertall bestående av Høyre, FRP og KRF.

Bokn Høyre er imidlertid helt på linje med Fylkeskommunen på en innsigelse som er opprettholdt. Det er innsigelsen mot manglende rekkefølgebestemmelse for gjennomføring av større boligfelt med begrunnelse i manglende styring av kostnad og anleggsvirksomhet knyttet til infrastruktur, blant annet krav til gang-/sykkelveg langs kommunale- og fylkeskommunale veier og vann/avløp. Dette mener vi må være klargjort før utbygging av byggefelt for å unngå ulike disposisjonssøknader, som igjen kan medføre forskjellsbehandling av utbyggere og kostnader som kan bli belastet kommunens innbyggere som naturlig tilhører utbyggerne.

Når det gjelder kommuneplanen for øvrig ønsker Høyre også å komme med noen kommentarer. Det er i enkelte innlegg gitt inntrykk av at det kun skal bygges rundt Føresvik sentrum. Det mener vi er en sannhet med modifikasjoner. I planprogrammet som ble

vedtatt i forrige kommunestyre periode er det lagt opp til en styrking av Føresvik sentrum og at utvikling skal skje rundt Føresvik og Alvestad. Planprogrammet danner som kjent grunnlaget for kommuneplanen. Det blir da naturlig at flere store boligområder blir lagt i dette området. Det er allikevel tatt inn et stort antall tomter også utenfor Føresvik og Alvestad.

Leser en kommuneplanens samfunnsdel s. 80-81 ser en at totalt 68 tomter ligger i forslag til kommuneplan 2012-2022 og er utenfor det som er definert som sentrum. Tomtene ligger geografisk spredt på Kro, Øyren, Våga, Ørvabøvågen, Ognøy, Loden, Gunnarstad, Grønnestad og Jøsen. Når kommunen legger til grunn en befolkningsøkning på ca. 200 personer i neste 10års periode, og en bruker en bo tetthet på 1,5 personer pr bosted kan 50% av befolkningsveksten kommer utenfor det som er definert som sentrum (Føresvik-Alvestad).

**Bokn Høyre**



## Ny avdeling i Bokn barnehage, men like trangt?

**De ansatte i Bokn barnehage fortjener skryt for hvor flinke de er til å ta barna med ut i nærmiljøet når været tillater det. Men når 60 barn blir nødt til å ha base i et bygg som ble bygget for 40 barn, vil plassen bli et problem uansett hvordan man snur og vender på det.**

Bokn barnehage har hatt behov for bedre plass lenge, og det har vært en tøff tid for de ansatte og barna der. Årsaken har vært en uteavdeling som ikke fungerer som man hadde tenkt forrige gang kapasiteten ble utvidet. Den gang ble det vedtatt at kapasiteten skulle utvides med 20 plasser og at disse smårollingene skulle ha base i lerkeskogen med ei grillhytte.

I lange perioder er nå alle samlet i hovedbygget til Bokn barnehage. Alle på Bokn har vært enige i at noe må gjøres. Mot 5 stemmer for Senterpartiets alternative forslag, ble det derfor vedtatt i kommunestyret 5. februar 2013 at ny avdeling skal være på plass til starten på det nye barnehageåret

2013/2014.

Den nye avdelingen har plass til 24 barn og gir dermed i praksis ett overskudd på 4 plasser. Dette skal dekke behovet inntil ny barnehage sammen med flerbrukshall er på plass, slik avtalen mellom Ap/Høyre beskriver, trodde vi i Sp. Men der tok vi feil.

**Vedtaket Ap/Høyre fikk flertall for 5.februar 2013, sier også at kapasiteten i Bokn barnehage skal økes, fra 60 plasser til 84 plasser. Med andre ord settes barn og ansatte i nøyaktig samme situasjonen de hadde et håp om å komme seg ut av.**

Når den nye avdelingen på papiret skal utløse 24 nye plasser, kan planer for ny barnehage dermed utsettes på ubestemt tid av Ap/Høyre.

I kommunestyret var det kun Sp som stilte spørsmål om antall plasser og at det ikke var lagt frem byggbeskrivelser og løsninger på hva politikerne bevilger 5 millioner for å bygge. Vårt alternative forslag hvor vi ba om å få av-

klart hva utbygningen innebar, ble nedstemt.

Det virker som om det har vært dårlig dialog mellom plangruppen og de ansatte i barnehagen om hvordan den tidligere vedtatte uteavdelingen fungerer i praksis, og hva resultatet av ny utbygging blir. Klarhet i dette burde ha vært på plass før nytt vedtak om utbygging ble fattet i kommunestyret på tilsynelatende tynt kunnskapsgrunnlag. Til sammenligning bygges det i Vindafjord ett overskudd på 30 barnehageplasser. Her har man sett hvor viktig det er å være i forkant av veksten for å unngå en planlegging som resulterer i dyre hasteløsninger og ombygginger.

**Senterpartiet i Bokn**



# Bokn Bygdablad for 20 år sidan

FRÅ NR. 1 1993


## STOR FOLKEAUKE I BOKN I 1992

Bokn på topp i fylket med 3% i  
1992

I fylgje Stavanger Aftenblad var Rogaland det fylket i landet som hadde størst prosentvis folketalsauke i 1992. I løpet av året auka folketalet her i fylket med 4750 i fjor eller 1,4%, medan gjennomsnitt for landet var 0,6%. I Rogaland bur det nå 346.574 personar, og fylket er det 4. folkerikaste i landet etter Oslo, Akershus og Hordaland.

Her i fylket var det kommunane på Nord-Jæren i tillegg av Bjerkreim og Bokn som hadde den prosentvis største auken. Aktisk var Bokn på topp med 4% auke. Sjølvsgart slår ikkje dette så stort ut i antal personar i ein så liten kommune, men ein netto auke på 22 i Bokn merkast. Folketalet ved årsskiftet i Bokn var på 760, og det har også i ettertid gått noko opp.

Bokn er den einaste kommunen i Nordfylket som har hatt folketalsvekst over gjennomsnittet, og det synes merkeleg at ein vekstcommune som Tysvær har hatt ein nedgang på 30 personar i 1992.



## Folketalet ved årsskiftet

Hier er folketalet i Rogalands kommunar, Sirdal og Flekkefjord pr. 1januar 1993 tauke/nedgang siste året i parentes:	Forsand	1027	1201
Egersund	12 634	(139)	
Sandnes	46 862	(1159)	
Stavanger	101 463	(1655)	
Vindafjord	28 380	(274)	
Bokn	3493	(7)	
Lund	3082	(23)	
Bjerkreim	2439	(66)	
Hå	13 027	(30)	
Klepp	13 204	(251)	
Time	13 304	(59)	
Gjeddal	7845	(163)	
Sola	16 755	(280)	
Randaberg	7942	(187)	
Forsand	1027		1201
Strand	9596		(58)
Hjemmedalen	2789		(231)
Suldal	4114		(7)
Sauda	5289		(51)
Vindafjord	2794		(241)
Reinheimen	2596		(301)
Kvinesdal	480		(2)
Bokn	760		(22)
Tysvær	8021		(30)
Karmøy	35 540		(392)
Utsira	222		(3)
Vindafjord	4899		(22)
Helle Rogaland	346 574		(4750)
Flekkefjord	8780		(37)
Sirdal	1738		(10)
Helle Vest Agder	147 158		(1207)

## Gras-brann

Jardar Havikbotn

Ca. to mål med gras, lyng og brake blei svidd bort ved Øyrenfeltet om ettermiddagen den 19. Mars.

Då politiet fekk beskjed om hendinga ved 16-tida, var brannvesenet allerede på plass. Dei fekk kontroll på brannen etter kort tid. Husa på byggefeltet var aldri i fare.

Nokon dreiv med avfallsbrenning i ei tønne, og gnistar frå denne har sannsynligvis forårsaka brannen.

Kjelde: NRK-Rogaland

## Etterlysing frå biblioteket

Ein lånar har gløymt å levera mønsterheftet saman med denne boka.

Håpar nokon har dette og kan levera alt attende.

Linda  
Ognøy  
Biblio-  
teksjef



## Omsetning av eigedomar i Bokn

Kjelde: Statens kartverk

**Gnr 2, bnr 11**  
er solgt for kr 400.000 fra Karl Magne Utseth til Bjørn Arve Utseth  
**(30.01.2013)**

**Gnr 11, bnr 84**  
er solgt for kr 250.000 fra Asta Olaug Kro til Bokn kommune  
**(07.02.2013)**

**Andel av Kro-vegen 215 (Gnr 2, bnr 15)** er overdradd fra Arne Våge til Kari Elise Våge  
**(15.02.2013)**

**Lodavegen 289 (Gnr 26, bnr 9)** er solgt for kr 1.100.000 fra Magnar Øvrebo til Andrej Dobrev  
**(20.02.2013)**

**Andel av Gnr 4, bnr 31** er solgt for kr 195.000 fra Monica Sunde til Jan Roger Mæland  
**(05.03.2013)**

**Gnr 24, bnr 30** er overdradd fra Atle Jøsang til Karen Johanne Are og Gunvor Lillian Hagen  
**(06.03.2013)**

# Fylkesmønstring

Jardar Havikbotn

## UKM Rogaland 2013 blei avvikla på Vågen vgs i Sandnes 15. - 17. mars

Gjennom helga fekk nærmere 200 ungdommar frå heile fylket visa kva dei kan innan musikk, dans, litteratur, film, kunst, nysirkus, humor, nettdaksjon og som konferansier. Tre sceneframsyningar måtte til, og det var laga til ei flott utstilling med den visuelle kunsten. Deltakarane fekk også vera med på workshops og konsertar med profesjonelle artistar.

Ida Havikbotn var einaste deltakar frå Bokn, og ho hadde med seg ei venninne på ungdomsfestivalen. Ho opptrådte på laurdagen med låta "The Story". Både song og gitar gjekk veldig fint, og ho var fornøgd med opptrinnet. Nok ein gong la 13-åringen igjen nervøsiteiten i "Green room" slik at ho fekk framført låta på ein god og trygg måte.

Fylkesmønstringa er annakvart år i Tysvær og Sandnes. Vågen vgs arrangerte mønstringa for første gong for to år sidan, og blei då kåra til Noregs beste UKM-kommune. Dei hadde

laga til eit godt opplegg i år. Ungdommane fekk ei minnerik helg, men arrangøren har litt å gå på når det gjeld scenearbeid og lyd. (Her er Tysværtunet betre, med effektive sceneskiftingar og svært god lyd). På ein så viktig festival må lyden vera heilt i orden. Den litt grumsete og innpakka lyden i Sandnes gjekk mest ut over rockegruppe-innslaga.

Det er også kritikkverdig at UKM arrangerer landsmønstringa (UKM-festivalen 2013) 23. - 27. juni, når fleire av deltakarane er bortreist på ferie. Juryen hadde derfor ikkje samlede deltakarar å velja blant då dei skulle plukka ut dei som skulle representera Rogaland i Larvik til sommaren.

Desse blei plukka ut:

### Sceneinnslag

No resistance (Rock, Sandnes)  
Art of Deception (Metal, Sandnes)  
Sander Tysse (Dans, Klepp)  
Tina Lode Jonassen (Pop, Time)  
Halvor Løsneløkken (Diabolo, Karmøy)



**Ida Havikbotn i aksjon på Vågen vgs i Sandnes.**

### Kunstinnslag

Kristin Skårdal (Måleri, Sandnes)  
Lene Havn Heimvik (Teikning, Sandnes), Karl Magnus Karlsen (Fotografi, Haugesund) og Sara Westergaard Karlsen (Måleri, Strand)

## Liten nise i strandkanten i Alvestadkroken

Arnfinn Anfindsen

10. Februar om morgenen var ungene i huset nede ved sjøen og lekte da de kom over en nise som lå i strand-kanten.

Den var nok naturlig død og har drevet i land. Ved hjelp av oss voksne fikk vi den på land og ungene fikk sett nærmere på dette flotte delfinlignende dyret.

Nisen var ca 1,2 m lang og veide rundt 35-40 kg. De stolte finnerne var Frida Alvestad Anfindsen, Sofie Alvestad Anfindsen og Linn Sletten.

### Nise

Navn: Phocoena phocoena  
Familie: Phocoenidae - nise-familien  
Andre navn: tumlare på svensk og marsvin på dansk  
Størrelse: Blir maks to meter lang  
Levetid: Maksimal alder antakelig litt over 20 år  
Leveområde: Finnes langs alle kyster i Nord-Atlanteren  
Føde: Forskjellige fiskearter, blekksprut og krepsdyr; i Nordsjøen særleg makrell, sild og småsild  
Særtrekk: Ses oftest sammen i små flokker (2-5 individer), men kan være vanskelig å få øye på. Gir av og til inntrykk av en rullende bevegelse når den svømmer. Navnet nise er fra norrønt og betyr "snøftende" etter lyden den lager når den puster i vannflaten.

Kilde: Havforskningsinstituttet



# KULTURKALENDEREN - Endringar/nye arr. er markerte

## April

21. Gudsteneste 18.00 Samtalegt. Konf. fest etterpå  
 22. Bibellesing kl 19.00  
**24. Sjømannskirken har basar på skulen kl. 19.00**  
 28. Gudsteneste 11.00 Konfirmasjon

## Mai

03. Kino i Auditoriet  
 06. Bibellesing kl 19.00  
 12. Møte Misjonsambandet bedehuset kl 19.00  
 17. Gudsteneste 10.30  
 22. Soknerådsmøte på bedehuset  
 26. Gudsteneste 11.00  
 31. Kino i Auditoriet

## Juni

02. Normisjonsmøte bedehuset kl 19.00  
**05. Bokn sanitetsforening har basar på skulen**  
 14. Kino i Auditoriet  
 16. Gudsteneste 11.00 **i Loten**  
 19. Soknerådsmøte på bedehuset

## Gymsal, kveld - oppdatert 25.01.10

DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
<b>Mån</b>	Bokn skulekorps Bokn Brass	17.45 - 20.00 20.00 - 22.00	L. Grønnestad J. Havikbotn
	Barnetrim Seniordans Friskis & Svettis	16.30 - 17.30 17.30 - 19.30 20.00 - 21.00	C. Øvrebø A. L. Hoffmann Anette Våga
<b>Ons</b>	Allidrett Fotball G9	16.15 - 17.00 18.00 - 19.30	S.O. Alvestad Trond Foss
	Fotball G10 Friskis & Svettis Volleyball, vaksne	17.00 - 18.00 19.00 - 20.00 20.00 - 22.00	Erik Våga Anne L. Faye Trond Vatnaland

## Sport

### Beste europear!

Jardar Havikbotn

**Nest siste sundag i mars var Janne Elin Vatnaland med i Warszawa halvmaraton. Der sette ho ny personleg rekord med tida 1.25.15, og blei beste europear i sin klasse (U23).**

Det var berre to løparar frå Etiopia som hadde betre tider. Desse er fødde i same år som Janne Elin, 1991. Det sterke løpet til boknaren hadde halde til 27. plass totalt i kvinneklassane.

Janne Elin, som i fjar tok U23 NM gull på halvmaraton, har hatt ei flott utvikling etter klubbskiftet til Spirit Friidrett,



Foto: Einar Søndeland  
Janne Elin Vatnaland sette ny pers på halvmaraton i Warszawa.

ny friidrettsklubb i Stavanger (starta hausten 2012). 21. april skal ho vera med i Hamburg Marathon.

Nils Haktor Bua frå Sveio (son av teknisk sjef i Bokn), er nyinnmeldt i Spirit og har nettopp starta med meir seriøs løpstrenings. I Warszawa gjorde han sin internasjonale gateløp-debut med den flotte tida 1.22.05.



Nils Haktor Bua  
Foto: E. Sønde-land



### Bokn idrettslag informerer



#### Foreløpig er følgende aktiviteter er planlagt for 2013:

Trial, Fotball, Barnetrim, Vollyball, Mosjonsdag inkl. løpet Bokn OppNed, sykkelrittet Bokn Opp, Yoga, Spinning, evt. mosjonsgruppe

#### Medlemskap i Bokn I.L. og bruk av treningslokalet 2013:

Aktiv medlem under 16 år: kr 300,-  
 Aktiv medlem over 16 år: kr 400,-  
 Familiemedlemsskap: kr 600,-  
 Støttemedlem: kr 100,-

**Årsavgift for bruk av treningslokalet:**  
 Medlem kr 1200,- Ikke-medlem kr 1400,-  
**Årsavgift familiemedlemskap:**

Medlem kr 2400,- Ikke-medlem kr 2800,-  
 Depositum elektronisk brikke første gang/gjenåpning etter stenging: Kr 200,-

Innbetales til konto nr: 3373 30 03001 Innbetalingen må merkes med navn.

Når innbetalingen er utført må det sendes melding til Bokn IL for utfyllende opplysninger om hva innbetalingen gjelder f. eks. Nils Nilsen, f. 1970, medlem + treningslokalet.  
 Navn, fødselsår, aktivitet. Dette gjøres på en av følgende følgende måter:

1. Mail til: t-vatnal@online.no
2. Brev til Bokn IL, p.b. 48, 5561 BOKN.
3. Melding til tlf 90694350.

Betalingsfrist 30.04.2013. Elektroniske brikker til treningslokalet vil etter denne dato bli stengt.

## Kulturstipend

Jardar Havikbotn

### På årsmøtet til Coop Marked Bokn 19. Mars fekk Maria Nilssen butikken sitt kulturstipend 2013.

Det var kretsutvalsleiar Olav L. Rossebø som delte ut stipendet på kr. 6.000. Prisen, i det utvida kulturbegrepet i Bokn kommune, er retta mot ungdom under 25 år, som har blitt gode, eller som er i ferd med å bli gode i noko.

Maria fekk stipendet for songtalentet sitt. Den glade prisvinnaren går i andre klasse på musikklinja ved Skeisvang vgs. og har song som hovudinstrument. Maria har i fleire år opptrådt på ulike kulturrangement, både i Bokn og i andre kommunar. Siste braggd var 4. april, som solist i oratoriet *Messiah* av Georg Friedrich Händel, i Vår Frelsers kirke i Haugesund.

På årsmøtet var også fjorårets vinner, Ida Havikbotn, og framførte to songar med utstyr kjøpt inn av pengane ho fekk i fjor. Maria seier ho også har planar om å kjøpa songmikrofon og forsterkar for pengane.



Kretsutvalsleiar Olav L. Rossebø deler ut Coop Marked Bokn sitt kulturstipend 2013 til Maria Nilssen.

Boknarar som tidlegare har fått prisen er Harald Trosnavåg, Benedicte O.

Mæland, Janne Elin Vatnaland og Ida Havikbotn.

## Akrylmaleri for sal

Jardar Havikbotn



I første etasje på Boknatun heng maleri av Andreas Heggebø. Kunstnaren kjem frå Stavanger, og flytta til Bokn i fjor vår.

25-åringen har malt i mange år, og har

det som ein hobby. Han fortel at han har brukta ca. eitt år på dei 12 bildene som heng på kommunehuset. Han har malt etter bilder, på akryl.

Alle bildene er for sal, og det heng ein prisslapp på kvart maleri.

Andreas Heggebø kan kontaktast på tlf. 99154354 dersom nokon er interesserte i å kjøpa maleri av han.

**Mathea, 2. februar.**

Den 02.02.13 kom jenta vår, Mathea til verden!

**Lykkelige og stolte foreldre er Terje Askeland og Veronika Sæbø.**

**Monika Øvrebø - 4 år, 20. februar.**

Gratulera med dagen, prinsesså våres!! Kjempeglad i deg!

**Klem fra pusen Miriam, storebror Joakim, mamma og pappa!!**

**Julie Bokneberg - 16 år, 21. februar.**

Gratulera med dagen, bestaste Julie!

**Stor klem fra Celina, Eskil &mamma ;))**

**Frida Vatnaland Eide -3 år, 4. mars.**

Me vil gratulera Frida med 3 årsdagen!

**Klem fra mormor, morfar og onkel Kjetil**

**Magne Røsdal Lund - 5 år, 5. mars.**

Hipp hurra for den flotte og kjekke gutten vår som ble fem år 5. mars. Gratulera med dagen, Magne!

**Gode klemmar fra Lovise og Hanna, mamma og pappa.**

**Lovise Røsdal Lund - 4 år, 14. mars.**

Hipp hurra for den flotte og kjekke jenta vår, som blir fire år 14. mars. Gratulera med dagen, Lovise!

**Gode klemmar fra Magne og Hanna, mamma og pappa.**

**Frida Grønnestad-Johanssen - 1 år, 14. mars.**

Gratulere med dagen lille venn, vi er masse glad i deg!

**Goe klem fra Mommor og Offar.**

**William Kro - 4. år, 19. mars.**

Gratulera med dagen!

**Hilsen farfar, farmor og onklar.**

**Judith Grønnestad - 75 år, 26. mars.**

Me vil få gratulert vår alles kjære mor, svigermor, mormor og oldemor så mykje med 75 års dagen! Me er alle utrøeg glade i deg, og du blir alltid satt stor pris på.

**Mange gode klemmar frå oss alle.**

**Leif Vatnaland - 80 år, 2. april.**

Me vil gratulera far/bestefar med 80 års dagen! Me glede oss til å feira deg.

**Hilsen barn, svigerbarn og barnebarn.**

**Ingleif Kro - 29 år, 4. april.**

Gratulera med dagen!

**Hilsen mor, far og søsknen.**

**Hannah Sudmann Bannister – 9 år, 12. April.**

Hipp hurra for Hannah! Gratulerer så masse med 9-årsdagen J!

**Stor klem fra Maya, Eskil, Celina, Julie, Harry og mamma.**

**Linnea Elisabeth Palmer - 2 år, 12. april.**

Den meget livlige og bestemte prinsessa vår, Linnea Elisabeth Palmer blir 2 år, gratulerer så mye!

**Klem fra Sylvia, mamma og daddy.**

**Natalie G. Våge - 23 år, 18. april.**

Gratulere med dagen Gud 23 år allerede, som tiden går.

**Stor klem fra pappa og mamma<**



**Maya Sudmann Bannister – 12 år, 20.  
April.**

Me vil gratulera den store flotte jentå våras så masse med 12 årsdagen!

**Mange gode klemmar fra Hannah,  
Eskil, Celina, Julie, Harry og mamma.**



## Årsmøte i Bokn historielag

Reidar Alvestad

Årsmøtet var lagt til Allrommet på Boknatun. Leif Vatnaland ynskte kveldens foredragshaldar Atle Skarstein og dei andre velkomme - totalt 15 frammøtte.

Først hadde SAS-flygar og historikar Atle Skarstein eit foredrag om det raidet unge engelske soldatar gjorde i vårt distrikt under 2. verdskrig. Raidet vart kalla Operasjon Checkmate. Skarstein hadde funne ganske mange detaljer frå raidet, som vart komplettert med kart og **bilete**. Også fiskarar og andre frå Bokn vart noko involvert då dei oppdaga engelskmennene. Nokre hjelpte dei også då dei måtte røma.

Skarstein spurte også om det var nokon her lokalt som hadde meir opplysningar om raidet, og det kom fram litt meir informasjon. Det var ei interessant og godt gjennomført framføring.

Deretter hadde me matøkt, og det var høve til å betala medlemskontingent og til å mælda seg inn som nytt medlem i historielaget. Me fekk 2 nye medlemmer. Historielaget har over 30 medlemmer.

Leiar Leif Vatnaland takka Atle Skarstein for eit interessant foredrag, og overrekte blomar.

### Årsmøte

Deretter gjekk ein over på sjølve årsmøtesakene, og års meldinga for 2012 vart vart vedtatt.

Rekneskap for 2012 vart så vedtatt med ei behaldning 31.12.12 på kr. 5.480,60

Vidare vart budsjett for 2013 vedtatt.

### Val

Valnemnda hadde gjort følgjande innstilling til nye styremedlemmer og varamedlemmer:

Leiar	Reidar Alvestad	2013 – 15
Sekretær:	Olav G. Larsen	2013 – 14
Styremedlem:	Leif Vatnaland	2013 – 15
Styremedlem	Arne Øvrebø	2013 – 15
Varamedlem:	Sigvart Våga	2013 - 14
	Eva B. Svendsen	2013 - 14



**Den engelske båten, eit landingsfartøy, etter at tyskarane hadde teke han.**

Valnemnda si innstilling til nye styremedlemmer og varamedlemmer vart vedtatt med akklamasjon. Birger Lindanger og Leiv Våga vart valde til valnemnd.

Elles sit desse vidare i styret i 2013:

Harry Vågshaug, nestleiar, og Eivind Øvrebø, kasserar.

### Val av utsendingar til fylkesårsmøtet

Reidar Alvestad og Olav G. Larsen vart valde til utsendingar til fylkesårsmøtet i Rogaland historielag som er den 6. april på Vitengarden, Jærmuseet.

### Meir bruk av museet i Bokn

Birger Lindanger orienterte litt om situasjonen ved Bokn folkemuseum og dei gamle bygningane på Laupland. Der er kårstova i svært dårleg forfatning, og dette er tatt opp med kommunen med omsyn til om kommunen kan ta ansvar for dette.

Elles har ein eit innhaldsrikt museum på Håland som så og sei ikkje er i bruk. Det er heller ikkje valt styre for museet. Styret i historielaget vil drøfta saka vidare med tanke på å gjera museet meir tilgjengeleg. Ein vil vurdera å invitera representantar frå kommuneadministrasjonen og andre kommunale etatar, eksempelvis kulturetaten og skulen for å drøfta spørsmålet. Vidare vil Haugalandsmuseene bli invitert. Styret vil også vurdera eit initiativ til å få i stand ei synfaring av dei museale bygningane i Bokn i lag med andre berørte partar.

Leif Vatnaland takka så for frammøtet, og Olav G. Larsen takka Leif Vatnaland for godt utført arbeid som leiar.



## Møteplanar, kommunale styre og utval

### Bokn kommunestyre

18.06	kl. 19.00	(Boknatun, 2. etasje)
01.10	kl. 19.00	(Boknatun, 2. etasje)
17.12	kl. 19.00	(Boknatun, 2. etasje)

### Bokn formannskap

14.05	kl. 17.00	(Boknatun, 1. etasje)
04.06	kl. 17.00	(Boknatun, 1. etasje)
03.09	kl. 17.00	(Boknatun, 1. etasje)
05. og 06.11		
Budsjettkonf.	kl. 17.00	(Boknatun, 1. etasje)
03.12	kl. 17.00	(Boknatun, 1. etasje)

### Bokn forvaltningsstyre

12.06	kl. 18.00	(Boknatun, 1. etasje)
21.08	kl. 18.00	(Boknatun, 1. etasje)
16.10	kl. 18.00	(Boknatun, 1. etasje)
11.12	kl. 18.00	(Boknatun, 1. etasje)

### Bokn kontrollutval

23.05	kl. 19.00	(Boknatun, 2. etasje)
05.09	kl. 19.00	(Boknatun, 2. etasje)
07.11	kl. 19.00	(Boknatun, 2. etasje)

### Bokn sokneråd

22.05	kl. 19.00	(Bokn bedehus)
19.06	kl. 19.00	(Bokn bedehus)

### Bokn senior/brukarråd

11.04	kl. 18.00	(Boknatun, 1. etasje)
-------	-----------	-----------------------

Politiske møte blir gjort kjende gjennom oppslag på Coop Marked Bokn og kommunen si heimeside ei veke før møtet går av stabelen.

Sakspapira blir utlagde til offentleg ettersyn samstundes i Servicetorget og Bokn bibliotek.

Det kan bli sett opp ekstramøte ved behov.

## Innskriving av elevar

til 1. kl. i Bokn for skuleåret 2013/2014

Velkommen til innskriving for 1. kl. 2013/2014 på Bokn skule **fredag 26. april kl. 09.00**.

Alle barn i Bokn som er fødde i 2007 eller før, og som ikkje har byrja i skulen, skal etter §2-1 i Opplæringslova skrivast inn.

Det kan innvilgast utsett skulestart med eitt år etter søknad frå foreldra/føresette. Likeeins er det høve til å søkje om framskoten skulestart med eitt år dersom barnet fyller 5 år innan 1. april 2013. Avgjerd om utsett eller framskoten skulestart skal takast etter sakkunnig vurdering frå PPT. Søknadsfrist for begge er 15. mai 2013.

Det vert sendt ut innbyding til kvar elev med fleire opplysningar om innskrivningsdagen.

Velkommen til Bokn skule!

**Med helsing**  
**Jarle Nilsen**  
**rektor**



### BIBLIOTEKET

<b>Måndag</b>	<b>16.00 - 19.00</b>
<b>Tysdag</b>	<b>09.30 - 13.30</b>
<b>Onsdag</b>	<b>16.00 - 19.00</b>
<b>Torsdag</b>	<b>09.30 - 13.30</b>



Vis respekt for opningstidene!

### Forvaltningsstyremøte 6. mars 2013

#### Sak 006/12

#### Forslag til reguleringsplan for Føresvikvegen.

#### Forvaltningsstyret sitt vedtak:

Saka settes ut til neste møte.

### Formannskapets si tilråding:

Kommunestyret vedtar utbygging av breiband på Bokn ihht anbodsdokumenta. Kostnadsramma for utbygginga er inntil kr. 1.770.000,-.

Utgiftene vert dekkja ved bruk av disposisjonsfond.

### Kommunestyremøte 19. mars 2013

#### Sak 007/12 Meldingssaker.

#### Forvaltningsstyret tok meldingssakene til etterretning.

### Formannskapsmøte 19. mars 2013

#### Sak 012/13

#### Konkurranse – bygging, eige og drift av fiberbasert breibåndsnett.

#### Sak 010/13

#### Konkurranse – bygging, eige og drift av fiberbasert breibåndsnett.

#### Kommunestyret sitt vedtak:

Kommunestyret vedtar utbygging av breiband på Bokn ihht anbodsdokumenta. Kostnadsramma for utbygginga er inntil kr. 1.770.000,-.

Utgiftene vert dekkja ved bruk av disposisjonsfond.

# Eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

**Folkehelselova seier at kommunar og fylkeskommunar til ei kvar tid skal ha oversikt over befolkninga si helse og over kva faktorar som verkar inn på denne. Basert på informasjonen ein vert sitjande att med skal ein iverksetje tiltak i prioritert rekkefylgje, dette både ut frå eit helsehensyn, men også i lys av økonomiske ramme-betingelsar.**

I Bokn kommune er vi no i gong med dette arbeidet. Vi ser fram til spanande månader før oversikta over befolkninga i Bokn si helse, ligg klar. Både helsedepartement og fylkeskommune bidreg i dette arbeidet bl.a ved utarbeidinga av nasjonale folkehelseprofiler (For meir info sjå: [www.fhi.no](http://www.fhi.no) og vidare til link «Folkehelseprofiler») samt ein regional kartlegging av helsetilstanden i Rogaland Fylke (utarbeidd 2011/12). I tillegg ser vi på lokale tal på populasjonsnivå. Vi samanfattar så til slutt alt dette og målet er å sitja med eit vertøy for mogleggjering av rett innstas til rett tid og til rett kostnad.

Vi skulle så gjerne ynskje det var analleis og at det var hjartearvare som låg bak, men det er dverre berre å ta inn over seg at den største og viktigaste årsaka til eit aukande globalt fokus på helsa til befolkninga, er at dei økonomiske konsekvensane av for stor grad av rehabilitering og «reparasjon» tvingar økonomien «i kne» i fleire land og bland fleire samfunnslag. Dei sosiale ulikhettene i helse aukar; anten vi vil eller ikkje.

Også «her heime» noterer vi oss eit aukan-de press på dei etablerte velferdsordningane våre. I åra som kjem vil vi stå overfor nye utfordringar når det kjem til eit sterkt aukande behov for helse-og omsorgstenester

hjå stadig fleire grupper i befolkninga. Det vil ikkje lenger berre vera dei eldste som treng helse – og omsorgstenester, men også yngre grupper vil krevje meir.

Trass i at dei eldste vil vera ei gruppe som vil verda større i antall, så vil dei likevel vera betre rusta til å møta alderdommen enn mange eldre i generasjonane før dei. Dei vil dog stilla større krav til kvaliteten i tilbodet og ein vil måtte sjå til nye løysingar for om mogleg å klare å tilfredsstille dei krav og behov dei har.

I tillegg til at den store auken i eldre, vil vi også måtte forholde oss til ei aukande gruppe yngre menneske som også vil krevje det dei rettmessig (etter dagens ordningar) har krav på av tenester. Dei helsemessige utfordringane hjå yngre mennesker vil med all sannsynlighet vera og verda av meir samsatt karakter. Det vil krevje eit robust og tverrfagleg system for på denne måten å yte dei dei tenestene dei forventar.

Men, før vi kjem så langt så handlar dette også om helsa til «folk flest»; før vi kjem så langt som til rehabilitering og «reparasjon». Eit av verkemidla for å møta dei aukande kostnadene ved rehabilitering og «reparasjon» er og vil vera, å satsa på førebyggjande og helsefremjande tiltak istaden.

Årsakene til at ulike førebyggjande og helsefremjande tiltak vert iverksett, er fleire og samansatte. Nokre tiltak vert iverksett avdi ein ynskjer å synleggjere at «det skjer i allfall noko», medan andre tiltak er nøye utreda basert på at ein skal kunne måle effekt og kost – nytte av det nemnde tiltaket. Som politikar vil det, uavhengig av i kva kommu-

ne og i kva land ein engasjerer seg, vera lettare og mindre «sutalaust» å effektivt kunne prioritere når tal og fakta og kunnskapsbasar, ligg føre ein, på bordet. Det er gjerne det som for oss alle er det optimale, men som dog er svært utfordrande som mål å nå: Det å sikre at alle tiltak som vert iverksette er vorthe vurderte opp imot eit kvalitetssikringsystem før iverksettjing. For; korleis skal standardane setjast? Kven kan seia at mi eigenopplevde helse ikkje er god nok som parameter kontra di eigenopplevde helse?

Myndighetene ser dette og dei har tatt konsekvensane av det. Dei ynskjer å bidra til ein betre struktur for om mogleg å sikre eir meir kunnskapsbasert folkehelsearbeid.

Som ledd i dette vil alle kommunar vera nøydde til å sikre ei oversikt over helsetilstanden i befolkninga i eigen kommune og basert på denne; iverksetje forebyggjande og helsefremjande tiltak både på kort sikt og på lang sikt. Folkehelselova, men og Folkehelseforskrifta regulerer dess forholda og like etter påske (ca. eit år forseinka) vil det føreligge ein veiledar frå Helsedirektoratet om korleis ein utarbeider den optimale oversikta.

Vi har likevel, som nemnd, så smått, starta dette spanande arbeidet på tvers av alle etatane i kommunen og vi noterer oss stort engasjement hjå dei involverte aktørar.

Vi håper at også du finn dette engasjeraude; du vil få høyre meir etterkvart som oversikta tek form.

**Anne Elisabet Askeland, folkehelsekoordinator og Jan Schille, kommunelege**

**Serie**

## Eg seie meg så

Birger Lindanger

### Så er me her igjen

Etter eit visst ophald på grunn av sjukdom, ligg nå bygdabladet og "Eg seie meg så" føre att. Denne gongen var det eit uttrykk ingen makta: *Gjømånen lyser grauden*. Gjømånad er månaden etter 15. februar, då var det for lyst om kvelden når kveldsmat skulle etast.

Elles ser denne omgangen stort sett ut til å ha vore overkomeleg. Mellom anna var det eit forslag på *garaspringar* som jentefut og sladrehank. Det var ei så god forklaring på uttrykket, at me valde å gje også det svaret po-eng.

Som me ser var det særstamt i toppen, bare eit poeng skilde dei tri.

### Forklaringane:

- |                             |  |
|-----------------------------|--|
| 1. å vera orre              | å vera ivrig, utålmodig  |
| 2. å olla                   | å styra på   |
| 3. tråskål                  | dørterskel   |
| 4. sauablom                 | løvetann   |
| 5. ein odne i Ogn           | litt varme i omnen, ein pinne i omnen                              |
| 6. "å brenna hol i dagen"   | å ha lyset på på lyse dagen  |
| 7. "gjømånen lyser grauten" | Å eta kveldsmat utan å skru på lyset                               |
| 8. å busta seg              | å hissa seg opp, gjera seg stor                                    |
| 9. eit slåg                 | ei renne til vatn, t.d. til kvern                                  |
| 10. ein garaspringar        | ein sau som ein ikkje greier å halda styr, som byksar over gardane |

### MÅNADENS UTTRYKK

#### Kva betyr...

1. havråga
2. ein snur
3. ein dilteskit
4. ein vindskit
5. ein pytt (i båten)
6. forleigen
7. askjelege
8. som ein skjeraveng
9. Vesalege
10. å smøye

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdblads **innan 30. april**. Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

Dagsenterdamene	9 poeng
Andor Borgenvik	9 poeng
Audhild Svensen Alvestad	8 poeng

Helge Laupland og Sigvart Våga var også denne gongen leverandørar av gode og gamle ord og uttrykk, me takkar for bidraga. Elles vil me oppfordra folk til å halda fram med å skriva ned gamle ord og uttrykk det kjem over. Slik kan me bidra til boknamålet si framtid.

# Medverknad: The never ending story...

Tekst: Anne Elisabet Askeland - foto: bilder frå film av Martin Trosnavåg (dag)/Jardar Havikbotn (kveld)

I november 2012 gjekk ungdomskonferansen 2012 av stabelen. Dei som deltok arbeidde ivrig med 8 ulike tema ein heil laurdag. I førre nummer av Bygdabladet presenterte vi resultatet av arbeidet med teamet digitalt medborgarskap: Nettvett-reglar utarbeidd av ungdommane sjølve.

Å sikre barn og unge reelle medvirknings- og påvirkningsmogleigheter i saker som angår dei er for einkvar kommune eit viktig område. Svært mange kommunar har tatt initiativ til ungdomsråd, dog med varierande grad av engasjement både frå ungdommane sjølve, men og frå dei vaksne si side. Andre kommunar bevilgar ein

viss sum midlar som dei unge, via ulike organ, får disponere til formål som tener barn og unge i den aktuelle kommunen. Andre att har etablert meir uformelle fora der ein har fokus på å sikre ein open og jamnleg dialog med borna og ungdommane, dette for å få ta del i det «som rører seg» til ei kvar tid.

Vi har tidlegare vist til ein offentleg utredning som tek for seg nettopp desse ulike tilnærmingane til medvirkningsprosessar. Utredninga heiter NOU 2011:20 Ungdom, makt og medvirkning og her lokalt har vi bl.a brukt denne som kunnskapsgrunnlag for arbeidet vårt.

## Oppfølgingsrundar

Det vart tidleg lagt opp til at ein skulle kjøre jamnlege oppfølgingsrundar etter både mini – og ungdomskonferansen 2012. Den første av desse (for dei eldste) vil finna stad på Petra fredag 26. april 2013. Denne kvelden vil vi dele ut Nettvett-reglane, vi vil prate litt om ein konkurranse ungdommane kanskje kunne finne interessant og vi vil arbeide for å få på plass ei arbeidsgruppe som allereie no kan byrje å tenke på neste ungdomskonferanse. For; utredninga seier nemleg det, at å arrangere ungdomskonferansar kan vere eit svært godt alternativ når det kjem til å sikre medvirkning.. Ein ungdomskonferanse fevner om mogleg om fleire enn dei få som sit i eit konkret ungdomsråd og medvirkninga vert ofte noko større og betre. Fleire føler seg inkluderte og DETTE, som prinsipp, er vi svært opptat av å fremje.

Til hausten vert det iverksatt andre oppfølgingsrundar; meir informasjon om desse vil koma etterkvart.

## Kafé-metoden for problemløysing.

## Møteplass

Ei viktig side ved ungdomskonferansen i november var den sosiale møteplassen. Og for ein møteplass det vart: Parfyme - og «aftershave» lukta lågtung i lokalet då vi ynskte deltakarane velkomne og ein har vel sjeldan sett så mange flotte ungdommar. I sin finaste stas, med store smil og med hyggeleg vri om høftene. Det vart ynskt velkommen til bords og det var kjekt å notere seg at maten fall i smak.

Lokal songfugl med lokal låt, "Urett". Fv. Rolf Kloster, Ida Havikbotn og Ole Alexander Mæland.



SLT-koordinator, Bokn, Frans Gisle Hansen og Geir Arne Hageland frå "Ingen Grenser".



Kjell Bjelland frå "Ingen Grenser"





I sin aller finaste stas.

Det vart ladda ut VAMP- billettar på inngangsbillettane og vi fekk også glede av å oppleve Ole Alexander Mæland og Ida Havikbotn på scena. Etter at minikonserten var over var det diskotek. Og for eit engasjement og for nokre danseføter!! På eit tidspunkt var tilnærma lik samtlege på dansegolvet; ei fryd å få oppleve så mykje danseglad ungdom - både gutter og jenter.

Då klokka passerte 23 takka

vi alle av; tilbakemeldingane var at ungdommene svært gjerne såg føre seg å verta inviterte til ein ny ungdomskonferanse om ikkje så alt for lenge. Det er, frå kommunen si side, eit stort ønskje om å få dette til; denne gong i samarbeid med og på premissane til ungdommene sjølve.

**Det kan fort verta ein svært vellukka neste ungdomskonferanse!!**



Hektisk på dansegolvet.

## Konfirmantar 2013

Jardar Havikbotn

Då dette bildet blei tatt 10. April, hadde ikkje naturen kledd seg i vårdrakt enno, men konfirmantane var i rute.  
9. klassingane ved Bokn skule skal konfirmera seg i Bokn kyrkje sundag 28. april kl. 11.00.

På bildet ser me bak fv. Erik Nilssen, Robin Riber, Fredrik Sunde Olaussen, Jone Våga, Sander Jøsang, Bjørn Ove Jøsang og Amalie Nilsen.

Framme fv. Tobias Ytreland Øvrebo, Sylvia Marlene Vatnaland, Annelin Eide, Mari Bokneberg, Anja Aksdal Knutsen og Marita Lie Alvestad.



Bygdablatet gratulerer!

altibox

# Du kan få fiber på Bokn



Bestill på [www.haugnett.no](http://www.haugnett.no)





**Hytter/Leiligheter med båt og kaipllass  
Uke, måned eller åremål  
Ta kontakt med  
Atle Jøsang - tlf. 900 72 369  
Mail: atle.josang@griegseafood.com**

### Har du avlagde kler, sko og leiker?

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebygd kulturhus, i Petra/Artep sine lokale, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,- for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein onsdag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - [www.thk.no/](http://www.thk.no/)

**Annette Bokneberg (91 32 82 58) og  
Elisabet Taraldlien (46 95 95 13)**

### TAKK!

*Hjertelig takk for blomster og gaver til min 75 årsdag.*

*Judith Grønnestad*

### TAKK!

*Hjertelig takk for oppmerksomheten i anledning min 85-årsdag.*

*Ella Berge*

**Annonsér i Bokn Bygdablad**

## KFL bil og utleige

Utleige av stillas frå	500 kr. pr.v.
Utvendig lakkrens av bil	frå 2.500 kr.
Innvendig reingjering	frå 500 kr.
Skinnpleie	frå 500 kr.
Desinfisering av klimaanl.	500 kr.

### Utleige av minigravar 2500 kg

Pris døgn	1.000 kr. + mva
Pris veke	5.000 kr. + mva
Pris pusseskuffe	150 kr. + mva
3.500 hengar, døgn	400 kr. + mva

**Kjell Frode 907 83 797**

**John Magne 909 24 964**

**Epost: kjellfrode75@hotmail.com**



- Salg og leveranse av singel og veigrus
- Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel
- Opplasting og bortkjøring av løsmasser

**Telefon: 94 98 63 64**

## Planlagt stans i deler av anlegget på Kårstø 2013

Det vil, fra og med 12. April og fram til 1. Mai, pågå en planlagt stans i deler av anlegget - Tog 200. Det vil i forbindelse med ned- og oppkjøringen av anleggsdelen være noe økt fakling.

Vi håper ikke dette skaper unødige ulemper for våre nabøer.

Har du spørsmål relatert til dette, vennligst ta kontakt med undertegnede på mobiltelefon 90040444.



**Med vennlig hilsen  
Statoil ASA**

**Bokn & Tysvær  
begravelsesbyrå**

**John Magne Lie**

**909 24 964**

**Kjell Frode Lie**

**907 83 797**

**Prøv ein annonse i Bokn Bygdablad**

## Næringsliv



Om du vil ha time på salongen eller hjemme er det bare å ringe meg på tlf.

**52 74 86 47  
46 44 29 20**

Hårsmia har åpent hver dag og ut over kvelden for de som vil komme etter arbeidstid.

Hilsen

Mona på Hårsmia

Frisørrommet på Boknatun  
- i sentrum av Bokn -

Åpningstider:  
tirsdag-fredag

Oddetallsuker:  
kl. 09-16  
Partallsuker:  
flexible  
åpningstider

**GOLDWELL**  
CLOSER TO STYLISTS. CLOSER TO HAIR

Hilsen fra  
Anita

99 32 55 34  
52 74 85 34

**GOLDWELL**  
CLOSER TO STYLISTS. CLOSER TO HAIR

## Div. tenester

### DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00  
Treng du skyss, blir du henta på døra.  
Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.  
Påmelding på tlf. 93 09 39 98

**Mariann Skjelde - aktivitør**



**NAV BOKN**

Kundesenteret: tlf. 55 55 33 33

**Unn A. Mustaparta - leiar**

### SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30– 15.00

#### Me kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utelege av kommunale lokaler, eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustotte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

**Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11**

**E-post: post@bokn.kommune.no**

### BOKN TANNKLINIKK

**Kontortid tysdag kl. 08.30 - 15.10  
Tlf. 52 75 25 80**

Timebestilling kan også gjerast via Tysvær tannklinik, tlf. 52 75 45 20

**Tannlege Ingjerd Hope Myklebust**

### LANDBRUKSKONTORET

Kontordag kvar torsdag på Boknatun kl. 08.00 - 12.00

Direktenummer: 52 75 25 11

Avtale etter kl 12 må gjerast særskilt.

**Bjørn Bruaset: 52 75 71 75  
Emilie Moi Eikje: 52 75 77 69**

### HELSEMASSASJE

Måndagar på dagtid, Boknatun 2. etasje (ev. kveldstid etter avtale)

Timebestilling alle dagar utanom måndag.

**Ingunn Are - tlf. 90 24 90 57**

## Bokn legevakt: 52 74 85 22

### BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker.  
Opningstider 08 – 15.30.  
Telefontider 08-11 og 13-14.  
Telefon 52 75 25 40.

**Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring Bokn Legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).**

**Ved livstruande tilstand, ring 113.**

Timebestilling på internett eller SMS, sjå www.bokn.no for meir info.

**Jan Schille - lege**

### PSYKISK HELSETENESTE

Kontortid mellom kl. 08.00 – 14.00 alle dagar, torsdag ope til kl 15.30.

Direktenr.: 52 75 25 36  
Mobilnummer: 40 41 05 70

(me er lettast å få tak i på mobil)

EP: grethe.e.heimvik@bokn.kommune.no  
miriam.berland@bokn.kommune.no

### HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar, tysdagar og onsdagar kl. 08.00 -15.30  
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 93 85 14 09

**Henriette S. Lindanger - helsesøster**

### JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet måndag i oddetallsveker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61  
Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

**Bodil Ljones Auestad - jordmor**

### BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag kvar veke

Tysdag - onsdag - torsdag kvar tredje veke - tlf. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

**Geir Austvik - fysioterapeut**

### BOKN FOTTERAPI

**Torsdag kl. 08.15 - 14.00**


Timebestilling tlf. 99 70 74 28

**Rita Bokneberg - fotterapeut**

# Bustadfelt ved Fyrvegen i Alvestadkroken

17. april behandla forvalningsstyret forslag til reguleringsplan for bustadfelt ved Fyrvegen. Forvalningsstyret tok då stilling til om planen skulle leggast ut til offentleg ettersyn. Dette bladet gjekk i trykken før møtet.

Planen inneheld 8 einebustadtomter og 4 bustadeiningar i rekke i tillegg til leikeplass.



## Bokn Bygdablad

[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no) - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 404,- pr. år, 578,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

**Redaktør:** Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08  
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

**Medarbeidarar:** Annette Bokneberg/Gro Sørensen

### Bygdabladnemnd

Elisabet Taraldlien  
Kjetil Hamre  
Hanne Marte Vatnaland

### Gjeldande annonseprisar

Heilside	kr. 2.000,-
Halvside	kr. 1.000,-
Kvartside	kr. 500,-
1/8 side	kr. 250,-
Privatann.	kr. 100,-
Nettannonse	kr. 100,-
Fastannonse	etter avtale

**Foto, omslag:**  
Stephan Haram

### Bokn næringsfond går over til elektronisk søknad

Bokn kommune får kvart år overført midlar frå Rogaland fylkeskommune til det kommunale næringsfondet. Dette er midlar som kjem frå statsbudsjettet og som ingår som ein del av den nasjonale distrikts- og regionalpolitikken. Næringsfondsmidlane skal bidra til å styrka, sikra eller etablere arbeidsplassar.

Søknadene som kjem inn til kommunen blir behandla fortløpende. Haugaland Vekst som er kommunen sitt næringsapparat, er saksbehandlar og lager forslag til vedtak som blir behandla av Bokn formannskap. Søknader på inntil kr. 20.000 kan innvilgast på delegasjon ved rådmannen.

Fra nå av er Bokn næringsfond lagt inn i Regionalforvaltning.no. Her har ei rekke offentlege aktørar lagt inn sine tilskotsordningar. Ved å benytte denne vil ein sikre at den informasjonen ein treng for å få ein raskast mogleg behandling av søknadene er på plass. Der vil ein og finne retningslinjene som gjeld for Bokn næringsfond. Adressa er [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no).

**Om du har spørsmål angående næringsfondet eller ønskjer meir informasjon, ta kontakt med Inger K. Haavik i Haugaland Vekst. Ho når du på tlf 52010813/40405091 eller på e-post: [haavik@h-vekst.no](mailto:haavik@h-vekst.no).**

# Stemmerettsjubileet

Tekst: Jardar Havikbotn/Birger Lindanger - foto: Jardar Havikbotn

**11. juni 2013 er det hundre år sidan norske kvinner fekk full stemmerett på lik linje med menn. Haugalandmuseene har sett i gong eit prosjekt for å visa fram regionale foregangskvinner: Pionerkvinner på Haugalandet.**

Bokn kommune har vald Målfrid Kro Trosnavåg (1916-2001) som si foregangs-/pionerkvinne til vandretutstillinga. Ved Karmsund folkeuseum kan dei opplysa at utstillinga ikkje er ferdig enno, og at ho kjem til Bokn til hausten.

Her er ei oversikt over pionerkvinnene dei ulike kommunane har plukka ut til utstillinga:

**Karmøy:**  
Gina Krog – vår fremste stemmerettsforkjempar

**Utsira:**  
Aasa Helgesen – Norges første ordførarkvinne

**Haugesund:**  
Hanna Brummenæs – politisk aktiv og rederinne

**Tysvær:**  
Fredrikke Nielsen – skodespelar, folketalar

**Bokn:**  
Målfrid Kro Trosnavåg – største eldsjela i Bokn

**Vindafjord:**  
Signy Rønnevik – første ordførarkvinne i Vindafjord

## Målfrid Kro Trosnavåg - største eldsjela i Bokn

Då Målfrid døydde i november 2001, blei ho omtala som "den største eldsjela i Bokn". Ho kom til verda i Kro i 1916 i ein syskenflokk på 11. Målfrid markerte seg alt som barn som ein eldsjel og blei som jente med i barnelosjen. I mellomkrigstida var det då også særleg fråhaldssaka ho brann for. Men også målsaka sto hjarta hennar nær.

Fyrst i 1930-åra gjekk ho på husmorskulen på Finnøy og fekk seg sidan jobb ved ein aldersheim i Stavanger. Men så vende ho heim og heldt i mai 1940 bryllaup med Arthur Trosnavåg. Det blei eit kort ekteskap, alt i 1947 døydde Arthur frå henne og dei tri småbarna deira.

To år etter blei ho tilsett som bibliotekar ved folkebiblioteket i Bokn, ein stilling ho sidan forvalta i 35 år. Med stor rett kan me seia at ho i denne stillinga langt på veg blei den første kultursjefen i Bokn. Full av idealisme jobba ho langt ut over opningstida på mest alle nivå for kulturlivet i Bokn.

Ho var også med i politikken, og blei i 1963 som einaste kvinne vald inn i heradsstyret i Bokn. Full av glød, humør og energi var ho drivande på dei fleste frontane: i Bokn Ungdomslag, Det Norske Misjonsselskap, leiar for Bokn Sanitetsforeining i ei årrekke, Bokn Vevstove, lokalhistorie, målsak og som ein av skiparane av Bokn Bygdemuseum der ho også virka som nærmast arbeidande styremedlem om lag så lenge ho levde. Ho var også eit sjølvsagt medlem i bygdeboknemnda og døydde faktisk same dagen som ho skulle på møte i utvallet. For all denne aktiviteten fekk ho også i 1995 Bokn kommunes kulturpris. Ei av dei siste oppgåvene ho fylgte opp, var tilrettelegginga av



Bokn tusenårsstad som ho var med på opninga av i 2000 (**bildet**).

Sjølv om Målfrid kanskje ikkje blei rekna som ein partipolitisk leiar, var ho gjennom sitt engasjement og sin humørfylte formidling ein viktig premissleverandør for den politiske og kulturelle utviklinga i Bokn.

*Stemmerettsjubileet*  
1813 - 2013